

Bok på 1-2-3



Ylva og villgeitene

Av Hilde Myklebust og Akin Duzakin

Tverrfagleg undervisningsopplegg i norsk og naturfag for 1.–4. trinnet.

Tid: 90 minutt

Ylva og pappa er på veg til sommarhuset, som ligg ved havet. Men dei er ikkje åleine under dei bratte fjellsidene. Villbukken Svartskjegg og geiteflokken hans held også til her. Det same gjer ørna.

Ylva er ei handlekraftig jente som liker og kan å røre seg i naturen. Ho veit kva som er viktig for ho. Då ho leikar i trea og på slettene ved sommarhuset, oppdagar ho noko nede i fjøresteinane. Noko lite og levande. Ei villgeit held på å få killingar, og ørna er på jakt. Kan Ylva klare å redde dei to killingane åleine?

Boka har ei jamn fordeling mellom skrift og bilete, som også gir rom for eigne tolkingar på ulike nivå. Illustrasjonane er naturlege og har ei roleg overflate med levande detaljar. Akin Duzakin er mellom anna kjent for teikningar og måleri med poetiske, lett naivistiske motiv og tydelege figurar.

For førebuing er det positivt å lese gjennom ressursen før bruk. Gjer klar konkretar og omgrep som treng forklaring. Vis særlege omsyn til dømes til elevar som har norsk som andrespråk. Det er ønskeleg at læraren skaper eit rom der eleven og gruppa kan finne ro og naturlege pausar eller stopp til refleksjon og stilla.

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med nett og prosjektør. Finne fram boka.
- Konkretar. Fysiske og/digitale. Det er positivt om eleven får bruke eller reflektere gjennom dei ytre sansane, som å føle, lukte, smake, høyre og sjå.

Formål etter læreplanen frå 2020

Norsk

- Utforske ulikskap og likskap mellom skrivning på hovudmål og sidemål.
- Samanlikne ord og uttrykk i norsk og andre språk.
- Samtale om forskjellen mellom meiningar og fakta i tekstar.
- Utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skrivning, leik, rørsle og andre kreative uttrykk.

Naturfag

- Utforske eit naturområde og drøfte berekraftig bruk av området.
- Utforske og samanlikne ulike dyre- og planteartars tilpassingar til miljø og levestader og drøfte kvifor nokon artar døyr ut.
- Gi eksempel på god dyrevelferd og reflektere over korleis dyr sine behov kan takast vare på.
- Samtale om kva fysisk og psykisk helse er, og drøfte korleis livsstil og trivsel påverkar helse.

1 Før lesing

(20 minutt)

Vi ser på forsida av boka.

Kor er vi? I fjellet, ute ved havet.

LÆRAREN FORTEL: Naturen ved den ytre kysten kan ha tette, skogfrie grender, bratte stup mot havet og lyngheiar i duse fargar. Viser konkretar.

LÆRAREN SPØR: Kjenner de slike område? Runde, Sandsøya, Haramsøya, Stadlandet, Kråkenes, Vågsøy, Lofoten, Senja, Shetland, Færøyane. Viser konkretar.

LÆRAREN SPØR: Kva lydar kan de førestille dykk i slike område? Kva kan de sjå i slike område? Korleis kjennest stein, mold og lyng ut i handa? Kva luktar havet og naturen ved kysten? Bruk gjerne konkretar.

Kva dyr ser vi? Vi ser ei havørn og ein geitebukk.

LÆRAREN SPØR: Korleis trur du fjørene til ørna kjennest ut? Pelsen til geita? Korleis kjennest det for deg å stryke dei varsamt? Kva kjensler gir det deg?

LÆRAREN FORTEL OG VISER KONKRETAR (fysiske og/eller digitale): Havørn er ein fugleart i haukefamilien. Ho er Noregs største rov-fugl og kan ha eit vengespenn opp mot 2,65 meter og bli opp mot 6,85 kg (konkretiser saman med elevane med vekt og måleband).

Det er hofuglen som er størst. Når havørna er blitt vaksen, er halen/stjerten kvit og nebbet gult. Havørna lever frå Grønland og Island i nord til Irak i sør, og gjennom Sentral-Asia og Nord-Asia til Stillehavet i aust (vis med kart). Havørna hekkar langs kysten frå Finnmark til Oslofjorden, med enkelte par i innlandet. Kva er å hekke?

Havørner byggjer reir av kvistar, planter og tang i eit tre eller på ei fjellhulle, sjeldan på ein låg knaus. Dei bruker ofte same reir år etter år. Ho-ørna rugar egg i 38 dagar, og ungane forlét reiret etter 10–11 veker. Ørna er ein stand- og streiffugl. Kva er det?

Fisk og sjøfugl er det vanlegaste byttet, men pattedyr kan ho også jakte på. Kva er eit pattedyr? Havørna er mindre aggressiv enn kongeørna. Normalt klarer ikkje havørna å løfte meir enn 2,5 kg (konkretiser).



Geit er eit husdyr som vart tamt i forhistorisk tid, mest truleg i yngre steinalder. Tamgeiter er i alle verdsdelar. Det er ulike rasar og variantar. I denne boka møter vi mest truleg kystgeiter.

Geiter er ulike i storleik, farge, hårkledning og horn. Dei fleste gir mjølk, kjøt og skinn, og angora- og kasjmirgeit gir verdfull ull. I Noreg er geita blant dei eldste husdyra vi har, og har mest truleg vore vanleg sidan bronsealderen (som i Noreg var frå om lag 1800 fvt. til om lag 500 fvt.).

Det er mest vanleg med geiter i fylka Troms, Møre og Romsdal og Vestland. Geita et det meste, særleg kvist og lauv.

Kven trur du dei to menneska på biletet er?

LÆRAREN FORTEL: Det er Ylva og pappa. Dei er på veg til sommarhuset, som ligg ved havet. No skal vi få oppleve historia om Ylva og villgeitene.



2 Lesing (20 minutt)

Vi les og opplever boka frå perm til perm. Læraren gjer naturlege tilpassingar og er merksam på tid og ro til fordjuping.

3 Etter lesinga (5 minutt)

- Korleis opplever de at ørna, geitebukken og geitene har det i historia og ved havet?
- Korleis trur de vi kan ta best mogleg vare på ville dyr og beitedyr?
- Korleis opplever de at forholda er mellom Ylva og pappa og mellom Ylva og dyra?
- Korleis kan de oppleve at Ylva er trygg, glad, engsteleg og modig?

4 Aktivitet (45 minutt)

No kan vi bli litt betre kjende med geologien og/eller meteorologien som Ylva opplever ved havet. De kan velje A eller B:

A Naturfagsenteret.no: Kva er geologi?

DEFINISJON: Fortel: Geologi handlar om korleis jorda er bygd opp og er i forandring. Geologar studerer jorda, mellom anna ved å observere stein. Geologi handlar om planeten vår, jorda – om sjølve jordkloten og alt det som ikkje er levande.

SAMTAL: Kva på jorda er ikkje levande? Stein, luft, vatn, jord.

Skriv på tavla:

geo = jord

logi = lære

Sei til elevane: No skal vi teikne ein modell av jorda.

Vi teiknar eit tverrsnitt av jorda. Vi set namn på kjerne, mantel og jordskorpe (det er tilstrekkeleg med ei tredeling av jorda sine delar i denne samanhengen).

Elevane får lage ei forside i arbeidsboka si under overskrifta GEOLOGI + dato. La elevane skrive ned definisjonen og teikne modellen i boka si (tilpassa opplæring).


Ta fram ein nektarin eller ei frukt med stein inni. Sei: Denne nektarinen kan også vere ein modell av jordkloten.

Skjer eit snitt rundt midten slik at du får same tverrsnitt som på figuren over. Snakk med elevane om samanhengen mellom nektarinen og figuren av jorda. Bruk omgrepa på figuren.

TANKEKART: Bruk eit digitalt tankekart eller gule lappar.

SPØR: Kva veit vi om stein? Skriv elevane sine tankar og teoriar i tankekartet. Kor kjem stein frå? Korleis kan steinar sjå ulike ut/like ut (store, små, glatte, kantete, fine, grå, ulike fargar osv.)? Kva kan stein brukast til (bygningar, statuar, kantar, heller, smykke, pynt osv.)?

La elevane skrive tankekartet i bøkene sine, eller kopier opp svara så dei kan lime det i bøkene sine under overskrifta STEIN + dato.



4 Aktivitet

(45 minutt)

B Norsk Barneblad: Kva er meteorologi?

Vis elevane sida frå Norsk Barneblad (neste side i denne PDF-en). La dei teikne himmel, jord og dei ulike skyene og skrive namnet på skyene. Bruk ein god blyant og fargeblyantar, og la elevane gjere seg flid med teikninga.

Kjelder:

- Store Norske Leksikon: Havørn
- Store Norske Leksikon: Geit
- Standal, Hagen og Wangen (2003): *Fotturar på Sunnmøre*. Iriss Forlag
- Bevanger, Jonsson (2007): *Kysten – flora og fauna*. Cappelen Forlag AS
- Sælebakke, Anne (2018): *Livsmestring i skolen – et relasjonelt perspektiv*. Gyldendal Forlag.
- Naturfagsenteret.no ved Frøyland, Merethe og Hammerborg, Anne Cathrine: Hva er geologi?
- Sommarmoro frå Norsk Barneblad (2021): Lær noko nytt i sommar – Meteorologi

METEOROLOGI

Til alle tider har folk studert himmelen og skyene for å vite noko om veret som kjem. Det har ikkje alltid vore vervarsling på TV og Internett.

Skyene er viktige verteikn. Kan du litt om dei, så kan du litt om veret. Det er seks hovudtypar av skyer:

Cirrus (fjørsky)

Desse skyene ser ut som hestehalar eller brusande fjører. Om vinden kjem frå vest, kan det bety fint ver. Men om vinden kjem frå sørvest, kan du ta fram paraplyen om ein dag eller to. Er himmelen veldig raud når sola går opp og vinden blæs frå sør og det er fjørskyer på himmelen, då er det store sjansar for regn på ettermiddagen.



Cirrus



Cirrocumulus



Cirrostratus

6000 m

Altokumulus (ruklesky)

Desse ser ut som små flak, skiver eller heller. Er dei raude når sola står opp, kan det komme regn og storm.

Altokumulus



Altostratus (lagsky)

Desse skyene ser ut som eit slags slør framfor sola.

Altostratus



2000 m

Stratokumulus (buklesky)

Dette er vinterskyer, så du ser dei neppe i sommar. Men det er greitt å kunne dei likevel. Om dei er mørke-raude når sola går ned, er det eit teikn på dårleg ver. Er dei rosa, kan neste dag bli sånn passe bra.

Stratokumulus




Kumulus (haugsky)

Dette er også typiske sommarskyer. Dei er flate under med kuppelforma toppar. Når dei ser ut som kvite kremtoppar med mørke skuggar nær botnen, kan vi vente oss fint ver. Men om dei stablar seg oppå kvarandre, eller om vinden kjem frå nordvest mot sør, kan vi vente oss dårleg ver.

Kumulus



Nimbostratus




Stratus



Kumulonimbus (bygesky)

Dette er sommar-stormskyer som tårnar seg opp i kraftige skymassar, dei øvre delane har mørke striper som vidar seg ut. Finn tak over hovudet, for no brakar det laus med torever og regn.

Kumulonimbus



Teikn himmel og jord, og dei ulike skyene. Skriv namnet på skyene. Gjer deg flid. Bruk ein god blyant og fargeblyantar.